



**DET KONGELIGE  
UTENRIKSDEPARTEMENT**

Stortinget  
Utenriks- og forsvarskomiteen  
v/ leder Ine Eriksen Søreide  
0026 Oslo

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

-

09.01.2023

**Uttale frå Utanriksdepartementet i samband med dokument 8:63 S (2022-2023) – Representantforslag frå stortingsrepresentant Ingrid Fiskaa om forbod mot eksport av varer og tenester som kan brukast til overvaking av opposisjonelle i Iran**

Lov av 16. april 2021 om gjennomføring av internasjonale sanksjoner (sanksjonslova) gjev heimel til å gjennomføre bindande FN-vedtak etter FN-pakta artikkel 41 og andre sanksjonar eller restriktive tiltak vedteke i mellomstatlege organisasjonar eller som elles har brei internasjonal oppslutning, jf. § 1 og 2.

Noreg har slutta opp om og gjennomført FN og EU sine sanksjonar mot Iran som mellom anna inneheld varelistar med utstyr som kan nyttast til intern undertrykking som vist til av representant Fiskaa.

Noreg er folkerettsleg plikta til å gjennomføre FN-vedtak fatta etter FN-pakta artikkel 41 og har tradisjon for å slutte seg til restriktive tiltak fatta i EU. Sanksjonar og restriktive tiltak utover dette, må ha brei internasjonal oppslutning. Førarbeida presiserer kva som er meint med ordlyden «har bred internasjonal oppslutning» i § 2:


«[...] For det andre er det inntatt en presisering i bestemmelsen, i tråd med gjeldende rett, om at fullmakten er begrenset til gjennomføring av sanksjoner vedtatt i mellomstatlige organisasjoner eller som for øvrig har bred internasjonal oppslutning. Vilkåret «bred internasjonal oppslutning» skal forstås som bred oppslutning blant andre likesinnede stater. Vilkåret innebærer ikke et krav om tilslutning fra bestemte stater, og inneholder heller ikke generelle krav til antallet stater», jf. Prop. 69 L (2020-2021) s. 57.

Regjeringa kan såleis ikkje med heimel i sanksjonslova aleine vedta eit særnorsk forbod mot eksport av varer, teknologi og tenester som kan nyttast til overvaking av opposisjonelle i Iran. Eit særnorsk eksportforbod må i så tilfelle vedtakast gjennom ei særlov.

Etter regjeringa sitt syn er det dei multilaterale, globale og tvingande sanksjonar vedteke av Tryggingrådet i FN eller andre tiltak med brei internasjonal oppslutning, som har størst legitimitet og effekt for å påverke ein stat til å endre åtferd. Noreg gjennomfører på bakgrunn av det tradisjonelt berre multilaterale sanksjonsregimer.

Det sagt, fører Noreg ein streng eksportkontroll. Iran-forskrifta inneheld restriksjonar mot eksport av det nemnte utstyret. Dersom departementet vurderer at det er rimeleg grunn til å fastslå at utstyr, teknologi eller programvare kan nyttast til overvaking eller avlytting av til dømes opposisjonelle i Iran, vil ein ikkje få tillating til eksport etter Iran-forskrifta. Regjeringa meiner på bakgrunn av det at ein eigen sanksjonsbestemmelse med eit eksplisitt forbod vert overflødig.

Med helsing



Anniken Huitfeldt  
Utanriksminister